

KARMØY KOMMUNE

Postboks 167

4291 KOPERVIK

Dato: 18.08.2023

Saksnr.: 2023/28731

Dok.nr.: 17

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 86 bnr 1 - detaljregulering - det historiske
Avaldsnes - plan 4088 - uttale offentleg ettersyn – administrative
motsegner med forslag til løysingar**

Fylkesdirektøren viser til plan på offentleg ettersyn – detaljregulering for det historiske Avaldsnes - og til kulturhistorisk registrering som vart gjennomført 30.05.-12.06.2023. Rapport frå registreringa er ikkje ferdigstilt enno og vil difor bli ettersendt.

Fylkesdirektøren fremjer administrative motsegner til plan på offentleg ettersyn, til spesifikke arealføremål, planbestemmingar og til punkt vi meiner manglar i planforslaget.

Bakgrunn for saka

Fylkesdirektøren har behandla forslag til detaljreguleringsplan for det historiske Avaldsnes som sektormyndighet innanfor kulturminnevern. Vi vil rose Karmøy kommune for arbeidet og innsatsen som er lagt ned og som vil vere med på å løfte området. Som regional kulturminnemyndighet er vi imponert over viljen kommunen viser for å få fram og vise dei kulturhistoriske verdiane som er i dette området.

Hensikta med planen er å legge til rette for ei meir heilskapleg tilrettelegging og formidling av kulturmiljø ved Avaldsnes kyrkje. Mange av dei planmessige grepene som er føreslegne i plan på offentleg ettersyn vil, slik vi ser det, bidra til at ein klarer å framheve dei kulturhistoriske verdiane i området og få formidla dei til mange besøksgrupper, samstundes som ein tek omsyn til kyrkja og kyrkjelyden sine behov.

Avaldsnes er eit svært verdifullt kulturminneområde – både i lokal, regional og nasjonal samanheng! Området er karakterisert av den strategiske plasseringa med kontroll over skipsleia gjennom Karmsundet. Landskapet er prega av låge terrenghformer. Jordbrukslandskapet er ope med bølgande former som er brotne av små knausar og våtmark. Mektige gravmonument, busetnadsspor og kulturmiljø som er knytta til tidlegare tiders maktcentra, rikssamling, kyrkjemark og handel ligg tett og gir landskapet eit historisk sær preg med stor tidsdjupne.

Olavskyrkja ligg sentralt på platået med vidt utsyn – og innsyn. Kyrkja har vore eit landemerke sidan mellomalderen og er fortsatt eit dominerande element i landskapet.

Avaldsnes ligg inne som eige KULA område (Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse), og her er det ein intensjon om at landskapet ikkje skal endrast på ein uheldig måte.

Detaljregulering for det historiske Avaldsnes er ei kompleks plansak, det er eit komplekst planområde og det er mange omsyn som skal takast. Det er mange interesser som skal ivaretakast og vegast opp mot kvarandre – kulturhistoriske interesser, kyrkja og kyrkjelyden sine interesser, Nordvegen historiesenter sine interesser, og turistar og andre besøkande sine interesser.

Målet i ei slik sak vil jo alltid vere å få til ei pragmatisk løysing der ein «gir og tar» og finn løysingar som er praktiske, estetiske, står seg over tid, og ikkje minst – som samla gir denne særskilte staden den verdigheita han treng.

Fylkesdirektøren meiner at *intensjonen* i planforslaget i det store og det heile er god, men vurderer det også slik at det er fleire punkt som må rettast opp i før vi som regional kulturminnemyndighet kan godkjenne planen.

Motsegner med forslag til løysingar

Rogaland fylkeskommune har, som regionalt organ, myndighet til å fremje motsegn (innsigelse) til forslag til reguleringsplan i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning, jf. pbl. § 5-4. Fylkesdirektøren er vidare delegert myndighet til å fremje motsegner i saker som vedrører automatisk freda kulturminne, jf. delegasjonsreglementet for Rogaland fylkeskommune.

Fylkesdirektøren meiner det er fleire forhold som er i strid med kulturminneloven, og fremjer difor **administrative motsegner** til følgande:

Plan på offentleg ettersyn

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til planen, datert 21.03.2023, som vart lagt ut til offentleg ettersyn 05.04.-22.05.2023. Dette fordi den er i konflikt med Kulturminnelovens § 3, og ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar kulturminneverdiane i området. Konflikten knyter seg til spesifikke arealføremål, planbestemmingar og til punkt vi meiner manglar i planforslaget.

BGU1 og KMV10 i plan på off ettersyn:

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til BGU1 og KMV10 slik dei ligg i plan på offentleg ettersyn. I dag er området som BGU1 er føreslått, brukt som mellombels parkeringsplass, men fylkesdirektøren meiner at dette området må bli tilbakeført til KMV/grøntområde og at ein må så i med gras.

Forslag til løysing:

Føremålet BGU1 må flyttast til ny plassering, der KMV10 no ligg i plan på offentleg ettersyn.

Det må komme tydeleg fram på nytt plankart at den no mellombelse parkeringsplassen skal regulerast til KMV og at BGU1 skal flyttast til der KMV10 no er plassert.

Til ny KMV må det knytast til ei bestemming om at det her kun kan takast bort grus for deretter å så i med gras. Det er ikkje tillate å grave under gruslaget, då området ikkje er arkeologisk undersøkt, jf §9 i Kulturminnelova.

Sykkelparkering

Fylkesdirektøren meiner det er svært viktig å få eit så ryddig uttrykk som mogleg nærmest kyrkja og kyrkjesteden. Inkludert i BGU1 som er skissert i planen, er det også tenkt ei sykkelparkering. Det er ikkje spesifisert kor mange sykkelplassar det skal vere eller korleis ein tenker denne sykkelparkeringa skal sjå ut.

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til plassering av sykkelparkering i BGU1. Vi er også av den oppfattinga at bygg nærmest kyrkja skal ha samanheng med kyrklege handlingar, som då eit bårehus har. Fylkesdirektøren meiner det bør finnast andre stader, lenger vekk frå kyrkja som kunne ha eigna seg for sykkelparkering.

Forslag til løysing: ta sykkelparkering ut av BGU1 og flytte lenger vekk frå kyrkja, fortrinnsvis til P2 eller lengst sør på parkeringsplassen der ein har sett av til 24 parkeringsplassar. Å få lagt den i P2, gjerne mot NA eller SA del av driftsbygningen, kunne opna opp for at ein fekk etablert ladestasjon for el-syklar, samt at ein då har nærleik til sti/gangveg ned mot Historiesenteret.

Parkering

Fylkesdirektøren ser at der er behov for å gjere noko med parkeringssituasjonen og forholda på Avaldsnesplatået, og meiner at parkeringsplass foran driftsbygningen er eit svært hensiktsmessig grep, samt å rydde opp/økonomisere med parkeringsplassane på sjølve platået. 16 parkeringsplassar sør for noverande KMV_10 (ny BGU1) meiner vi likevel blir for dominerande og fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til antall parkeringsplassar her.

Det må komme inn i planbestemmingane at dekket innan o_V2 og o_FO2 og o_FO3 skal vere grus, evt må dette inn i «Plan for utforming, materialval» (sjå meir om denne under). Dersom ikkje dette kjem på plass i bestemmingane – enten inn under det spesifikke arealføremålet eller i «Plan for utforming, materialval» - fremjer fylkesdirektøren **administrativ motsegn** til planforslaget.

Forslag til løysing: Redusere antallet parkeringsplassar sør for KMV_10 (ny BGU1) til 3-4 HC plasser. Parkering for kyrkleg tilsette – prest, kantor, klokkar osv., kan reserverast nærmest kyrkja, på parkeringsplassen som er skissert N/S med 24 plassar.

Få inn bestemming om grusdekke på parkerings- og vegareala innanfor o_V2 og o_FO2 og o_FO3

Turvegar

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn**

- til turvegar o_TV4 og o_TV5
- til o_TV1 slik den ligg i plankart på offentleg ettersyn. Plassering av trase må oppdaterast i henhold til kart datert 01.06.2023 (sjå vedlagt kart, V1).
- til 5 meters breidde på turveg o_TV1, o_TV2 og o_TV3. Dette vil etter vår vurdering bli altfor inngrøande med tanke på vern av kulturlandskapsverdiar.

Problemstillingar knytta til UU er mangefaseterte – på den eine sida ønsker ein at alle skal ha tilgang til alt, men samstundes må vi også passe på at inngrepa som skal tilrettelegge for UU ikkje blir for inngripande, slik at dei ikkje øydelegg landskapet dei vert plassert i.

Fylkesdirektøren meiner at områda nord og vest for kyrkjestaden har så mange særegne naturmessige kvalitetar – og er eitt av dei svært få intakte og heilskaplege kulturlandskapa som er att i området – og som igjen dannar ei sær fin og særprega ramme rundt kyrkjestaden, at vi ikkje ønsker store turvegar her, utover dei tråkka/stiane som er der i dag. Fylkesdirektøren vurderer det slik at ein heller kan gå i dialog dersom det trengs noko vedlikehald/utbetringar mtp hellene/ristene som er på stiane/tråkka i dag.

Fylkesdirektøren meiner at å etablere turvegar i dette området (o_TV4 og o_TV5) vil ha ein uheldig effekt på landskapet og på opplevinga av det naturlege og urørte rundt kyrkjestaden..

Forslag til løysingar: fjerne o_TV 4 og o_TV5 frå plankartet og behalde dei tråkka/stiane som er i området i dag.

Når det gjeld o_TV 1, o_TV2 og o_TV3 kan motsegsa løysast dersom ein oppdaterer trase, jf ønska ny løysing for o_TV1 (jf. kart av 01.06.2023) og regulerer inn 3 meter breidde på desse tre turvegane. Ein må legge inn i bestemminga at vegane skal leggast på duk med grusdekke.

Fylkesdirektøren vil også peike på at der ikkje er noka bestemming i planføresegnene knytta til o_TV6. Vi forutset at denne vegen skal ha grusdekke og ei maks breidde på 3 meter. Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til o_TV6, då dette manglar.

Fortau

Materialbruk mtp på fortau i o_FO2 og o_FO3, er ikkje omtalt i bestemmingane. Dette må sjåast i samanheng med formingsveileder.

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til at utforming/materialbruk av fortau ikkje er nedfelt i planføresegnene. Løysing er å omtale desse og vurdere utforming og materialebruk i hht formingsretteliaren. Dette skal gjerast i dialog med kulturminnemyndighetene.

Plan for utforming, materialval osv

På ein stad som Avaldsnes er det svært viktig at det er gjennomtenkte og gode løysingar – som står seg over tid – når det gjeld aspekt knytta til belysning, toppdekke (jf. vegar og fortau), kantvegetasjon, vegetasjon/beplanting, skilt, gjerde/rekkverk/portar, eventuell avfallshandtering osv. Fylkesdirektøren stiller derfor krav om at ein utarbeider ein plan som tek føre seg desse momenta, og at ein då kan ta utgangspunkt i formingsretteliaren for det historiske Avaldsnes, som vart utarbeidd av Multiconsult i 2020. Dette – samt at denne «utformingsplanen» skal inn på høyring til Rogaland fylkeskommune - må komme inn som ei bestemming i planbestemmingane.

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til planforslaget

Forslag til løysing: få nedfelt i planbestemmingane at det skal lagast ein plan for fysisk utforming av ulike moment, samt materialbruk. Denne skal på høyring til Rogaland fylkeskommune.

4.2.1 Angitt hensynssone H730-1-2 Bevaring av automatisk fredet kulturminne **§1**

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til bestemming 4.2.1, som vi meiner ikkje sikrar kulturminneverdiane tilstrekkeleg, all den tid den berre omtalar fysiske inngrep, og ikkje omtalar ekspempelvis skade eller utilbørleg skjemming.

Forslag til løysing – forslag til ordlyd til bestemming:

«*Hensynssone 11-8 d) - båndlegging etter Lov om kulturminner, SOSI-kode H730: Innenfor «hensynssone for båndlegging etter lov om kulturminner ligger det et kulturminnefelt ID 115870 med flere enkeltminner. Det er ikke tillatt å sette i gang tiltak som kan skade, ødelegge eller utilbørlig skjemme kulturminnefeltet eller foreta noen form for fysiske inngrep i terrenget/grunnen i området satt av til hensynssone H730. Det er heller ikke tillatt å gjennomføre andre tiltak i området som kan virke inn på de automatisk frede kulturminnene, jf. Kulturminnelovens §§ 3 og 8. Eventuelle tiltak innenfor området må på forhånd avklares med kulturminnemyndighetene, jf. Lov om kulturminner §§ 3 og 8. Slike tiltak skal fremmes i form av reguleringsendring/er.*»

Plankart – omsynssone 11-8 d) H730

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til at omsynssone d) H730 ikkje er oppdatert i plankartet på offentleg ettersyn. Planen sin omsynssone H730 må oppdaterast til å stemme overeins med oppdatert lokalitetsgeometri frå kulturminnedatabasen Askeladden. Denne vart oppdatert 13.06.2023, og er no i tråd med siste publiserte kart og observasjonar i felt i perioden 2020-2022.

Forslag til løysing: oppdatere dette på plankartet (sjå elles under avsnitt Plankart – tekniske merknader», skravur for omsynssone 11-8 d) H730)

5.2 Bestemmelser til bestemmelsesområde (område#2)

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til bestemminga, då vi meiner den er mangelfull, når det gjeld breidde, utforming, dekke osv.

Forslag til løysing – følgande tekst må settast inn: *det tillattes å etablere en enkel gangveg i hht prinsipper om universell utforming, fra området P2 til området T2, Nordvegen historiesenter. Gangvegen skal legges på duk og ha grusdekke og det er ikke tillatt å sprengje bort knauser o.l. Maks bredde er 2 meter. Etablering av gangveg skal ikkje komme i konflikt med lekeplass i o_PA1, men legges på en hensynsfull måte utenom denne.*

§3.6.1 Vedrørande område i sjø

§3.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone.

Det kan vere automatisk freda kulturminne i sjøen, men sidan arealføremålet ikkje legg opp til fysiske inngrep i sjøen her, er der ikkje blitt fremja krav om marinarkeologisk registrering, all den tid kulturminnemyndigheten skal vurdere behovet for undersøking opp mot arealbruken.

I dette tilfellet er det altså ikkje snakk om fysiske inngrep i sjøen. Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til at det ikkje er ei bestemming knytta til arealet i sjø som ikkje er omfatta av NSV 1-3, og at det resterande sjøarealet ikkje har ei henvisning. Fylkesdirektøren foreslår at området blir merka NSV 4 på plankartet og har forslag om følgande ordlyd til ei føresegn for område 1,2,3 og 4:

Området skal nyttes til rekreasjon for allmennheten. Det er ikke tillatt å gjøre nye fysiske tiltak/inngrep i sjøbunnen innenfor NSV 1-4.

Eventuelle tiltak innenfor området må på forhånd avklares med kulturminnemyndighetene, jf. Lov om kulturminner §§ 3, 8 og 14. Slike tiltak skal fremmes i form av reguleringssendring(er).

Dispensasjonsbehandling av automatisk freda kulturminne, jf lov om kulturminne §8, 4. ledd.

Når det gjeld behandling av søknad om dispensasjon frå kulturminnelova §8 4. ledd, for dei automatisk freda kulturminna med ID 115870-3, 115870-51, 115870-7 og 115870-53 kan dette først skje når motsegnene er løyste og vi har fått planen inn på ny (begrensa) høyring. Fylkesdirektøren fremjer difor **administrativ motsegn** til at forholdet til dei automatisk freda kulturminna ikkje er avklart.

Forslag til løysing: dei administrative motsegnene må løysast og fylkesdirektøren må deretter få planen inn på ny (begrensa) høyring.

Avfallshandtering

Fylkesdirektøren fremjer **administrativ motsegn** til at ein ikkje har omtalt eller avsett areal til avfallshandtering i planen. Med mange turistar og besökande – som igjen vil generere ein del avfall – er det svært viktig å ha avklart areal til og plassering av eit system for avfallshandtering. Eventuelt må ein finne ei løysing som inneber at ein kun set ut søppelspann på avklarte plasser (jf «Plan for utforming, materialval») på avklarte plasser og at desse vert tømde med svært jamne mellomrom.

Forslag til løysing: sette av areal til dette og lage bestemming for dette. I forarbeidet til denne planen vart det snakka om at dette kunne vere plassert i området ved driftsbygningen (NA, der parkeringa er idag).

Plankart – tekniske merknader:

Skravur for omsynssone 11-8 d) H730 skal ikkje ligge over P2, T1 og T2, o_V1, o_G/S1, utviding av GU1, o_FO2, o_FO3.

Forslag til løysing: fjerne ruteskravuren over desse arealføremåla.

Fylkesdirektøren ber om at høgspentkabelen som går frå platået og ned mot sjøen vert vist i plankartet og at ein regulerer inn allereie etablerte ankerfeste og taufeste.

Planføresegner - merknader

KAI: Det må utarbeidast ei bestemming til KAI. Fylkesdirektøren forutset at kaien skal vere som den er, i form og materialbruk.

Det må også ryddast opp i begrepsbruk i planføresegner opp mot merking i plankartet. Gjeld eksempelvis T1, T2, P1 og P2 (jf. 5.3 i planføresegnene).

Faglege råd

Jordvoll område #3. Fylkesdirektøren er positiv til at ein planlegg å etablere eit dekke foran parkeringsplassen (P2) for å skjerme for bilar, bubilar osv. Vi har **fagleg råd** om å vurdere om der i stadenfor ein jordvoll (som muligens kan bli noko voldsom i uttrykket) heller skal etablerast ein vegetasjonsskjerm med stadbundne tre og buskar, då med vegetasjon som ikkje blir for høg og som skjermar godt for bilar/køyretøy.

Dersom ein vil gå vidare med ein jordvoll er det svært viktig at utforminga av denne blir naturleg - med variasjon i høgde og breidde, at han blir tilpassa omgjevnadene og glir naturleg inn.

Endre arealføremål ved Klaksholmodden, samt neset sørvest for denne

Fylkesdirektøren har **fagleg råd** om legge inn eit anna arealføremål der ankerfesta/taufesta er plasserte. For å få faktisk arealbruk til å stemme med plankartet. Planens arealføremål i området med opplag bør oppdaterast for å samsvare med faktisk bruk – og det må knytast bestemmingar til dette. Vi tilrår å bruke arealføremål «havneområde i sjø», «bøyehavn» eller «ankringsområde».

Kulturhistorisk registrering, jf Kulturminnelovens §9:

Rogaland fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar i planområdet 30.05. – 12.06.2023. Det vart gjort funn av to nye lokalitetar i relasjon til tidlegare kjende kulturminne i området. Rapport vil, som nemnt tidlegare, bli ettersendt.

Det vart ved registreringa gjort einskilde funn av flint i området mellom Fantaskar og Nordvegen historiesenter, kor ein planlegg ein tursti. Det vart elles gjort funn i allereie kjende automatisk freda kulturminne, i form av nye strukturar og funn, men desse er inkorporerte i allereie registrerte lokalitetar/einskildminne innanfor Avaldsnes.

ID 115870-3 Buplassområde: ved sjakting med maskin langs kong Augvalds veg frå Fantaskar til plattaet vart det påvist fem strukturar i form av kokegropar/groper og eit mogleg dyrkingslag. Tre av strukturane vart påvist og undersøkt tidlegare i samband med Kongsgårdprosjektet. Dei nyregistrerte strukturane vart dokumenterte gjennom utgraving og prøveuttak og innlemma i ID 115870-3

ID 115870-51 gravhaug: Fantaskarhaugen, ligg like nord for kong Augvalds veg. 10 meter i diameter og ca 1 meter høg, noko avflata på toppen. Verkar til å vere noko skada i den sørlege kanten ved vegen. Ved registreringa vart det gravd sjakter aust og sørvest for gravhaugen – desse var funntomme.

ID 115870-7 Buplassområde: Dette einskildminnet vart registrert i 1993 og definert som buplassområde med kultur- og dyrkingslag og ei rad gjenstandar frå steinalder og seinare periodar. Her ligg også to gravhaugar og ei nausttuft. Ved denne registreringa vart det grove fleire prøvestikk i den planlagte turvegtraseen(o_TV3). Det vart påvist ein del flintfunn i prøvestikka, men også gjenstandar som kan daterast til seinare, bl.a keramikk frå jernalder, men i fleire av prøvestikka var det også ein del funn frå nyare tid i form av tegl, porselen o.l.

ID 115870-53 Vegfar: 200 meter lang holveg som er kalla Munkhaugvegen og som strekkjer seg frå søraustsida av platået og vidare sørvestover forbi Fantaskar. Det vart ikkje gjort nokon nærmere undersøkingar av av vegen ved registreringa, men det vart grove einskilde sjakter mellom vegen og den opparbeidde gravplassen. Ingen funn i desse. Den sørlege delen av holvegen (ca. 90 meter) ligg innanfor planen for ny gravplass.

Merknader – Riksantikvaren

Riksantikvaren (RA) har i e-post datert 31.05.2023 gjeve innspel i saka. RA har i denne saka førstelinjeansvar for Olavskyrkja frå mellomalderen, som er freda i medhald av Lov om kulturminne §4, første ledd punkt a.

RA meiner det er positivt at Karmøy kommune ønsker å legge til rette for ei heilskapleg oppleveling og formidling av kulturområdet rundt Avaldsnes kyrkje..

RA påpeiker at det vert henvist til ein formingsveileder som dei ikkje har uttalt seg om før og presiserer såleis at fleire element i nærleik til kyrkja vil måtte søkast separat om, for godkjenning.

Parkering

RA har elles merknader når det gjeld parkering på platået samt for jordvollen ved P2. Riksantikvarens sine innspel samsvarer i stor grad med fylkeskommunen sine merknader til dette.

RA viser til formingsveiledaren og bruk av brustein. Dette vert vurdert som eit framandelement i eit ruralt miljø som Avaldsnes og det vert tilrådd fortsatt bruk av grus.

Belysning: belysning av kyrkja må detaljerast før endeleg godkjenning, det same gjeld for belysning av ruinen. RA stiller spørsmål ved behovet for belysning av denne.

Nytt bårehus

RA støttar forslag om nytt bårehus innan det som på offentleg ettersyn er kalla KMV10 (ny BGU). RA meiner at ei plassering litt lenger vest enn dagen bårehus, innanfor KMV10 er ønskeleg. Bårehuset bør få ei nøytral utforming basert på tradisjonell materialbruk og kan ikkje i stor grad avvike frå dagens bårehus mtp høgde og fottavtykk. Endeleg plassering og utforming må godkjennast i samband med byggesak.

Ruinene innanfor kyrkjegardsmuren

Det er henvisingar til utforming av den delen av ruinen som grensar heilt opp til korveggen på kyrkja i sør, i formingsveiledaren. Endeleg utforming av dette området er ikkje avklart og må søkast om før utføring.

Vi ber om at de les innspelet frå RA i sin heilskap. Det ligg om vedlegg i saka (V2).

Merknader – Stavanger maritime museum

Merknader frå Stavanger maritime museum er innarbeidde i teksten under avsnitta:
Vedrørande område i sjø, s. 5.
Faglege råd (Endra arealføremål ved Klaksholmodden), s. 6.

Vidare om dispensasjonsbehandling etter KML §8, 4. ledd - vilkår for dispensasjon

Når dei administrative motsegnene er løyste, og andre merknader følgde opp, skal oppdatert plankart og planbestemmingar sendast fylkesdirektøren på ny (avgrensa) høyring. Når vi mottek planen på ny høyring, vil vi kunne fråfalle dei administrative motsegnene til planen dersom desse er løyste, og i tråd med våre vurderingar/merknader.

Dispensasjon for inngrep i automatisk freda kulturminne gjennom planvedtaket, forutset at dei ovannemnde merknadene og tekst vert innarbeidde på plankart og i reguleringsbestemmingane.

Vi gjer merksame på at kommunen ikkje kan eigengodkjenne planen så lenge det ligg føre motseigner til planforslaget, jf. PBL § 5-4, og dispensasjonsspørsmålet og forholdet til dei automatisk freda kulturminna ikkje er avklarte, jf. kulturminneloven § 8 4. ledd.

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Vedlegg: Kart, datert 01.06.2023, trase for o_TV1 (V1)
E-post datert 31.05.2023, merknader frå Riksantikvaren (V2)

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland, Riksantikvaren, Arkeologisk museum UiS,
Museum Stavanger

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennlig å oppgi vårt saksnr når du svarar på brevet.